

Eksamen

25.05.2018

GAN3002 Plantebruk

Programområde: Gartnærering

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verkøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrifter eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva vil det bli lagt særleg vekt på graden av måloppnåing i forhold til desse kompetansemåla:</p> <ul style="list-style-type: none">• planleggje, gjennomføre og vurdere bruk av planter og planteprodukt som estetiske og kulturelle element• beskrive bruk av planter og planteprodukt i eit historisk perspektiv og vurdere potensialet for bearbeiding og vidareforedling• gjere greie for betydninga av kulturplanter som næringsmiddel, medisin og smaksoppleving• identifisere og beskrive kulturplanter med norske og botaniske namn• presentere skisser av eit område basert på enkel registrering og oppmåling og foreslå beplantning som tek vare på omsyn til form, farge og formål
Andre opplysningar	Kandidaten treng eit millimeterark A4 eller ein linjal til oppgåve 4.

Oppgåve 1

Mange hageeigarar opplever at mose tek over plenen. Reflekter over i kva grad mosen er eit uheldig element i grasplenen, og kva skjøtselstiltak som trengst for å unngå / bli kvitt mose i plenen.

Oppgåve 2

Forklar desse fagomgrepa med eksempel på planter. Bruk dei botaniske namna på plantene.

- a) proveniens
- b) herdigheitssone
- c) artsdatatabanken si svarteliste
- d) knutekolling
- e) e-planter

Oppgåve 3


Bruken av nyttevekstar i hageanlegg har variert gjennom tidene. Sjå tilbake på hagekunsthistoria i Noreg frå mellomalderen fram til i dag, og beskriv korleis nyttevekstar blei inkluderte i hageanlegga. Trekk fram eksempel på tidstypiske nyttevekstar, og forklar korleis nokre av desse vekstane kan bearbeidast og foredlast.

Oppgåve 4

Skisser eit forslag til beplantning av eit bed på 6 x 12 m der du skal bruke både lignosar og staudar som trivst i skyggen. Teikn skissa i målestokk 1:50. Skissa bør innehalde all informasjon ein gartner treng for å kunne følgje opp planen slik det er skissert.

Oppgåve 5

Du jobbar som kommunegartner i heimkommunen din, og no planlegg du beplantninga i blomsterbedda i kommunen. Bedda som er skisserte, er plasserte framfor rådhuset og skal vere ein prydd for auget gjennom heile vekstsesongen. Figuren under viser forma og størrelsen på blomsterbedda. Mellom blomsterbedda går ein gangveg opp til servicekontoret i rådhuset.



- Berekn kor mange m^3 jord du må bestille dersom du skal skifte ut eit 10 cm djupt lag av jorda i heile bedet.
- Du har bestemt deg for å ha sommarblomsten kvit *Pelargonium x hortorum* i begge beda. *Pelargonium x hortorum* kan plantast med ein planteavstand på 40 cm. I tillegg ønskjer du å ha *Argyranthemum frutescens* som kantplante rundt begge beda. Desse plantane skal plantast med ein planteavstand på 35 cm. Berekn kor mange planter av kvart slag du må bestille hos den lokale gartnaren.
- Desse beda blir brukte til sommarblomster kvart år. Foreslå planter som kan pryde beda om våren før du får planta ut sommarblomstene, og planter du kan bruke i beda om hausten etter at sommarblomstrane er ferdige med sesongen. Du treng ikkje rekne ut kor mange av desse plantene som trengst.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrifter eller sitater fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven vil det bli lagt særlig vekt på graden av måloppnåelse i forhold til disse kompetansemålene:</p> <ul style="list-style-type: none">• planlegge, gjennomføre og vurdere bruk av planter og planteprodukter som estetiske og kulturelle elementer• beskrive bruk av planter og planteprodukter i et historisk perspektiv og vurder potensialet for bearbeiding og videreforedling• gjøre rede for kulturplanters betydning som næringsmiddel, medisin og smaksopplevelse• identifisere og beskrive kulturplanter med norske og botaniske navn• presentere skisser av et område basert på enkel registrering og oppmåling og foreslå beplantning som ivaretar hensyn til form, farge og formål
Andre opplysninger	Kandidaten trenger et millimeterark A4, eller en linjal til oppgave 4.

Oppgave 1

Mange hageeiere opplever at mose tar over plenen. Reflekter over i hvilken grad mosen er et uheldig element i gressplenen, og hvilke skjøtselstiltak som trengs for å unngå / bli kvitt mose i plenen.

Oppgave 2

Forklar følgende fagbegreper med eksempler på planter. Bruk de botaniske navnene på plantene.

- a) proveniens
- b) hærighetssone
- f) artsdatabankens svarteliste
- c) knutekolling
- d) e-planter

Oppgave 3


Bruken av nyttevekster i hageanlegg har variert gjennom tidene. Se tilbake på hagekunsthistorien i Norge fra middelalderen fram til i dag, og beskriv hvordan nyttevekster ble inkludert i hageanleggene. Trekk fram eksempler på tidstypiske nyttevekster, og forklar hvordan noen av disse kan bearbeides og foredles.

Oppgave 4



Skisser et forslag til beplantning av et bed på 6 x 12 m der du skal bruke både lignoser og stauder som trives i skyggen. Tegn skissen i målestokk 1:50. Skissen bør inneholde all informasjon en gartner trenger for å kunne følge opp planen slik den er skissert.

Oppgave 5

Du jobber som kommunegartner i hjemkommunen din, og nå planlegger du beplantningen i blomsterbedene i kommunen. Bedene som er skissert, er plassert foran rådhuset og skal være en prydd for øyet gjennom hele vekstsesongen. Figuren under viser formen og størrelsen på blomsterbedene. Mellom blomsterbedene går en gangvei opp til servicekontoret i rådhuset.



- Beregn hvor mange m^3 jord du må bestille dersom du skal skifte ut et 10 cm dypt lag av jorda i hele bedet.
- Du har bestemt deg for å ha sommerblomsten hvit *Pelargonium x hortorum* i begge bedene. *Pelargonium x hortorum* kan plantes med en planteavstand på 40 cm. I tillegg ønsker du å ha *Argyranthemum frutescens* som kantplante rundt begge bedene med en planteavstand på 35 cm. Beregn hvor mange planter av hvert slag du må bestille hos den lokale gartneren.
- Disse bedene brukes til sommerblomster hvert år. Foreslå planter som kan pryde bedene om våren før du får plantet ut sommerblomstene, og planter du kan bruke i bedene om høsten etter at sommerblomstene er ferdig med sesongen. Du behøver ikke regne ut hvor mange av disse plantene som trengs.



www.vigoiks.no/eksamen